

## Torbjørn Hasund

---

**Fra:** Ståle Hatlelid <stale.hatlelid@hornindal.kommune.no>  
**Sendt:** 19. mai 2014 12:28  
**Til:** Torbjørn Hasund  
**Kopi:** Anne Britt Øen Nygård; Ann Kristin Langeland  
**Emne:** SV: Planforum 28. mai

Kommunestyret har valt å lokalisere nye bustadfelt til område som i arealdelen til kommuneplanen er lagt ut som landbruks-, natur- og friluftsområde, eller som i reguleringsplan er lagt ut til landbruk/ skogbruk. Ingen av felta ligg innafør kjerneområde for landbruk, men det er likevel avvik mellom kommunestyret sitt vedtak og gjeldande planar. Spørsmåla kommunen ynskjer svar på er følgjande:

1. Korleis vurderer planforum endra arealbruk (frå landbruk/ skogbruk – til utbyggingsområde) opp mot ei gunstig lokalisering - med kort avstand til skule, barnehage, idrettstilbod og sentrumsfunksjonar ?
2. Er fråværet av vedteken planstrategi til hinder for realisering av kommunestyret sine ynskje?
3. Plan- og bygningslova § 4-1 omtalar dei tilfelle der det skal utarbeidast planprogram. Etter kommunen si vurdering har kommunestyret i KS-003/14, alt vekta aktuelle utbyggingsområde opp mot kvarandre – ut frå bestemte vurderingskriterium, og utbygging i desse områda vil heller ikkje ha "...vesentlige virkningar for miljø og samfunn, ..." Kommunen meiner difor at det ikkje er lovpålagt krav om planprogram i denne saka. Er planforum av same mening?
4. Ser planforum problemstillingar i denne saka som kan utløyse motsegn?

Med bakgrunn i gjeldande arealdel til kommuneplanen, vedteken klimaplan, plan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget og målsetjingar i idrett- og friluftspanen (om fysisk fostring) ynskjer kommunen innleiingsvis å presentere tankar om framtidig arealbruk i kommunen – med vekt på lokalisering av nye buområde.

Med venleg helsing

Ståle Hatlelid  
Plan- og bygningsjef

E-post: [stale.hatlelid@hornindal.kommune.no](mailto:stale.hatlelid@hornindal.kommune.no)  
Telefon: 57 87 98 23  
Mobil: 915 66944  
[www.hornindal.kommune.no](http://www.hornindal.kommune.no)

---

**Fra:** Torbjørn Hasund [<mailto:Torbjorn.Hasund@sfj.no>]  
**Sendt:** 13. mai 2014 12:19  
**Til:** Ståle Hatlelid  
**Emne:** Planforum 28. mai

Eg viser til førre e-post, 2-3 minutt sidan. Eg ber om at de kjem med ei konkret bestilling på kva vinkling de ønskjer å ha, og særlege problemstillingar de ønskjer å diskutere i planforum.

Så raskt du får det til Ståle.

Med helsing  
Torbjørn Hasund  
rådgjevar, plan og samfunnsavdelinga  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Torbjorn.Hasund@sfj.no](mailto:Torbjorn.Hasund@sfj.no)  
tlf: +47 57656273 | mob: +47 93004685